



Til Kirkerådet

«Veivalg for fremtidig kirkeordning»

Hørings svar frå Nysæter sokneråd

Nysæter sokneråd har ulike synspunkt på noen spørsmål, disse er gjort synlige og gjelder spørsmål 9, 11, 16 og 19.

Svarene på de andre er enstemmige

Høringsspørsmålene

Reint generelt vil Nysæter sokneråd poengtera at det i prosessen med ny Kyrkjeordning i 2017 er så mange usikre faktorar at det ikkje er klokt å gjera for mange store endringar.

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

Nysæter sokneråd (NSR) ynskjer ei styrking av mynde og ansvar for oppgåver til det lokale nivået representert ved soknet.

Me ynskjer og ei oppretthalding av det nasjonale nivået med mynde og ansvar slik at me og i framtida skal sikra at me framstår som ei kyrkje.

NSR sluttar seg til mindretallet i Kyrkjerådet slik deira synspunkt kjem til uttrykk i alt. B: "Et mindretall i kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den lokale kirke styrkes."

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: JA

NSR deler kyrkjerådet si vurdering når det gjeld finansiering av kyrkja. Me treng ein egen kyrkjelov som seier noko om det offentlege sitt økonomiske ansvar for Den norske kyrkja si særstilling, jfr Grunnlovens §16: *Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, forblir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.*



3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Om direkte overføring frå stat/kommune ikkje skulle bli framtidens ordning stør NSR ei ordning med livssynsavgift. Dette er ein enkel innkrevingsform for staten og gjer at alle innbyggjarar i landet er ansvarlege for å betale.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Samarbeid på tvers av soknegrenser er eit stikkord for å utnytta knappe ressursar på best mogleg måte. Men det er sokna sjølve som må søkja dei samarbeidsformene dei finn naturlege og formålstenelege.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Det bør ikkje gjennomførast nokon fullstendig gjennomgang av soknestorleiken no.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: JA, men nokre endringa er likvel naudsynt: Me bør ha eit fellesråd som samrådingsorgan for fleire sokn. Eittsokns- kommunen vil sannsynleg etter kommunereforma ikkje finnast meir. Men det må vera sokna som vel samarbeidsløysingar på dei områda som det trengs samarbeid om. Rapporten «*Samstyring i ubalanse*» har rett når den peikar å ubalansen mellom soknet sine to organ; soknerådet og fellesrådet. Fellesråda er styrka ved at dei har kontroll med ressursfordelinga, har fått ein profesjonalisert forvaltning, auka byråkrati og eit større handlingsrom. Sokneråda er svekka fordi dei manglar ei heilskapeleg leiing, og forstår seg ofte som underlagt fellesrådet sine vegval og prioriteringar. Det må i ei ny ordning koma tydelegare fram at det er Soknet som sit med leiinga på lokalt nivå og at eit fellesråd er ein ressurs for å verkeleggjera Soknerådet sine prioriteringar og vegval. Ei viktig oppgåve framover blir difor å finna grep som styrkjer Soknerådet sin posisjon og evne til å planlegga og gjennomføre sine egne planar. Oppgåver med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt som gravferdsforvaltning og kyrkjebygg m.m. kan overlatast til fellesrådet.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:



Kommunenivå for samarbeidet er fornuftig for det meste i vår kommune, Stord.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

Det må koma betre fram at det er soknerådet som leier arbeidet i soknet, og at fellesrådet med administrasjon er til for best mogleg utføring av arbeidet i soknet. Soknerådet må sikrast reell innflytelse på eiga verksemd både når det gjeld ansvar i den strategiske og andelege utviklinga av kyrkjelyden, høve til å påverka kven som blir tilsett og økonomisk handlefridom. Ansvar for det kyrkjelydsbyggande arbeidet bør eintydig leggest til soknerådet.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

Soknerådet er delt i dette spørsmålet:

A) 6 stemmer:

Alle vigsla tilsette bør tilsetjast av Bispedømerådet. Alle andre bør vera tilsette i det som no er kyrkjeleg fellesråd

B) 4 stemmer:

Det er avgjerande at alle tenestegrupper har same arbeidsgjevar og leiing. Dette krev at dagleg leiar i soknet har god nok kompetanse innanfor kyrkjefag, leiing, økonomi og administrasjon.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Det er vanskeleg å seia på førehand kven som passar best til å vera dagleg leiar i soknet. Soknet bør få peika ut sin dagelege leiar. NSR meiner at dagleg leiar *kan* vera sokneprest der han/ho er personleg eigna og har gode kvalifikasjonar til dette. Det pastorale/andelege leiarskapet trengs ikkje sjåast som skilt i frå det administrative leiarskapet. Dei to tinga må spela på lag. Så om ikkje presten blir dagleg leiar må soknepresten sin kompetanse og kjennskap i soknet likevel koma til uttrykk ved at dagleg leiar søker råd og utøvar sitt leiarskap i god dialog med sokneprest.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?



Svar:

Soknerådet er delt i dette spørsmålet:

A) 6 stemmer

NSR sluttar seg til Kyrkjerådet sitt fleirtal som seier: *Et flertall i Kirkerådet mener biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre vigslede medarbeidere og biskopen bør lede prestetjenesten og utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene.*

B) 4 stemmer

NSR sluttar seg til mindretalet i Kyrkjerådet sitt svar som seier: *Biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre vigslede medarbeidere, men biskopen bør ikke utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene*

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Biskopen må kunna gje råd og rettleiing, men også bindande pålegg vedrørende prestane og andre tilsette si teneste (jfr. Tenesteordning for biskopar som me har i dag).

Biskopen må vera den som ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste. Tilsvarande må det vera ordningar for varig eller midlertidig oppheving av ordinasjonsfullmaktene og for tap av desse gjennom avskjed, oppseiing eller suspensjon. Biskopen bør framleis utøva tilsyn gjennom visitasar.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar: NSR sluttar seg til mindretalet i Kyrkjerådet som meiner at dagens ordning bør halda fram.


14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar: JA.

Bispedømmerådet bør framleis vera eit demokratisk valgt organ. Det valgte bispedømmerådet bør få prega bispedømet gjennom strategiarbeid, budsjettarbeid, tilsetjingar og som medlemmer av Kyrkjemøtet. Rådet og rådsleiaren sitt mandat hentar kraft frå demokratiske prosessar. Dette er óg med på å styrka heilskapen og einskapen i kyrkja.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: Bispedømmerådet sine oppgåver bør vera stort sett slik som i dag. Det er viktig at bispedømmerådet fungerer samlande og sikrar at biskopen sitt tilsyn held fram på ein god måte.



16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

Soknerådet er delt i dette spørsmålet:

A) 6 stemmer: Eit fleirtal i NSR støt eit mindretal i Kyrkjerådet som svarar slik:
«Et annet mindretall i Kirkerådet går inn for at dagens delte organisering av arbeidsgiveransvaret videreføres med de modifikasjoner som er nødvendig for en større grad av samordning. Det inkluderer en styrket rolle for soknets organer ved preste-tilsetninger, tilsetting av vigslede stillinger i bispedømmerådet og at det etableres en ordning for felles eller samordnet daglig ledelse lokalt.»

B) 3 stemmer: Eit mindretal i NSR støt eit anna mindretal i Kyrkjerådet som svarar slik:
«Et mindretall i Kirkerådet går inn for at arbeidsgiveransvaret for alle kirkelig tilsatte som arbeider i soknet legges til fellesrådet. Det forutsetter at det etableres bærekraftige størrelser på fellesrådsområdene (f.eks. på justert prostnivå) og at biskopens innflytelse på tilsetting og ledelse av prestedtjenesten sikres i tilstrekkelig grad.»

C) 1 stemme: Eit anna mindretal i NSR støt fleirtalet i Kyrkjerådet som svarar slik:
«Et flertall i Kirkerådet går inn for at arbeidsgiveransvaret for alle kirkelig tilsatte som arbeider i soknet legges til bispedømmerådet. Det forutsetter en delegasjon til instanser på soknenivå som kan ivareta den daglige ledelse og andre arbeidsgiverfunksjoner.»

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Viser til svar i spm 16

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: I og med at NSR ynskjer stor fridom på lokal organisering av sokna sitt ansvar og leiing, vil det og bli lokale og regionale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvaret.



19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre viglede tjenester?

Svar:

Soknerådet er delt i dette spørsmålet:

A) 7 stemmer:

Ved styrking av biskopen sitt tilsyn og arbeidsgjevaransvar.

B) 3 stemmer:

Ved styrking av biskopen sitt tilsyn

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet kan ha den rolla det har i dag men må setjast saman på ein annan måte enn i dag. Kyrkjemøtet er øvste representative mynde i kyrkja vår og bør vedta økonomiske ordningar (politisk funksjon) og ta avgjerder i saker som har med lærespørsmål å gjera i tillegg til å fastsetja og fordela økonomiske midlar.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Ja. Kyrkjemøtet bør vidareførast som i dag med representantar frå Bispedømeråda. Men då bør me ha eit meir indirekte val i sokneråda av valte representantar til Bispedømerådet slik at dei som til slutt sit på Kyrkjemøtet har sitt mandat heilt i frå soknet dei representerar. I tillegg til bispedømet. I dag står representantane i bispedømeråd og kyrkjemøtet alt for fristilt i høve til soknet. Ei ordning med indirekte val vil få rådstrukturen i kyrkja vår til å henge betre saman. Då kan det og bli større oppslutning om lokale soknerådsval. Biskopane vil sjølvsagt ha ein naturleg plass i kyrkjemøtet også i ei ny kyrkjeordning.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Bispemøtet bør og i framtidig kyrkjeordning vera eit sentralt organ med ansvar for å samordna dei oppgåvene som er lagt til dei enkelte biskopane. Bispemøtet må og ivareta spørsmål om heilskapen i kyrkja.

I lære og liturgisaker skal Kyrkjerådet leggja saka fram for Bispemøtet, som uttalar seg. Bispemøtet sin uttale skal leggest særleg vekt på i Kyrkjerådet si vidare handsaming, og den skal følgja saka til Kyrkjemøtet.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Preses bør, som i dag, leia biskopane.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?



Svar: Nei

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Nei, lærenemnda sin funksjon kan ivareta av Bispemøtet. Bispemøtet bør då henta inn gode og balanserte faglege ressursar som kan belysa ei sak frå fleire sider slik at Bispemøtet til slutt kan treffa gode vedtak i lærespørsmål.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Nei

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ungdommens kyrkjemøte har i dag ein viktig funksjon for å inspirera og rekruttera ungdom mellom 15-30 år til å engasjera seg i det kyrkelege demokratiet – og rådsarbeidet. Ungdomsdemokratiet og Ungdommens kyrkjemøtet er og med på å få fram ei sterk samla røyst frå unge i vår kyrkje i ulike kyrkjepolitiske spørsmål. NSR ynskjer at UKM og bispedøma sine ungdomsråd får ein tydeleg plass og rolle i framtidig kyrkjeordning.

Stord, 22. mai 2015

Hildegunn Sæbø Heimro
soknerådsleiar
sign.


Liv Bodil Østang
driftsleiar/sakshandsamar